

*Referat frå den 22. nettverkssamlinga for
Det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap*

Kulturlandskap, utvandring og migrasjon



Vertskapsmuseum: Romsdalsmuseet

Romsdalen 25.-27. august 2025



Tal på deltakarar: 26 frå følgjande museum, universitet, høgskular og offentleg forvalting:

Romsdalsmuseet, Valdresmusea, Lier Bygdetun STI, Viti, Musea i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Vestland, Helgeland Museum, Nordmørsmusea AS, Naturmuseum og botanisk hage-Universitetet i Agder, Anno, Universitetet i Innlandet, Riksantikvaren, Hardanger og Voss museum, Buskerudmuseene, Museene Arven, Gudbrandsdalsmusea, Ryfylkemuseet, Museumssenteret i Hordaland, Stiftelsen Lillehammer museum, Miljødirektoratet, Museene i Akershus

Endringar i program: Edvard Hoem måtte melde avbod, oppdatert program lagt ved.

Samlinga vart arrangert med støtte frå Kulturdirektoratet.

Referat frå nettverksmøte i Det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap

Tid: 27. august 2025 kl. 1400 - 1450

Stad: Bud Kystmuseum

Møteleiar: Therese Nasset (Musea i Sogn og Fjordane, De Heibergske Samlinger – Sogn folkemuseum)

Referent: Trude Knutzen Knagenhjelm (Musea i Sogn og Fjordane, De Heibergske Samlinger – Sogn folkemuseum)

Therese Nasset innleia møtet med å takke arrangørane Hans-Olav Solli og Hilde S. Kvennes i Romsdalsmuseet for årets nettverkssamling. Deltakarane gav tilbakemeldingar på det som hadde vore ei særskild vellukka og innhaldsrik samling.

1. Kort gjennomgang av referat etter nettverksmøtet 2024 og status på oppfølgingspunkt

Therese refererte og oppsummerte frå møtetreferatet frå 2024.

a. Status undergrupper og arbeidsgruppe

Kulturdirektoratet har etterlyst undergrupper i nettverka. I fjor vart det fremja forslag frå koordinator om å ha undergrupper knytt til forskning, formidling og skjøtsel, men på årets nettverksmøte vart det konkludert med at nettverket ikkje er større enn at vi bør konsentrere verksemda til det samla nettverket. Likevel må nettverket passe på at samlingane femner om tema som kan appellere til ei større breidd av museumsbønder, handverkarar og praktikarar.

Therese orienterte om arbeidsgruppa i nettverket som vart oppretta etter samlinga i 2024. Medlemmer i arbeidsgruppa er:

- Anne Marit Noraker, Valdresmusea
- Cecilie Rørstad, VITI
- Kristina Skåden, Lillehammer museum
- Anne Jorunn Frøyen, Jærmuseet

- Trude Knutzen Knagenhjelm, Musea i Sogn og Fjordane
- Therese Nesset (koordinator), Musea i Sogn og Fjordane
- Marit Adelsten Jensen, Museumssenteret i Hordaland
- Siri Haugum, Museumssenteret i Hordaland
- Mons Kvamme, tidl. Museumssenteret i Hordaland
- Knut Ola Storbråten, Anno
- Ellen Fauske Bleness, Anno

Andre som ønskjer å vere del av arbeidsgruppa er velkomne til å melde seg.

Aktivitetsnivået til nettverket vart drøfta. Deltakarane uttrykte at dagens aktivitetsnivå er på linje med det som er realistisk å få til. Ved behov kan nettverket ha Teams-møte dersom det er tema som bør bli teke opp. Det kom forslag om at nettverket ved høve kan gje ut ein publikasjon/antologi for å løfte fagfeltet. Det var ønske om at koordinator for nettverket kan halde fram med å sende ut informasjon og tips om aktuelle arrangement, og at nettverket kan dele kunnskap om kva som skjer innan fagfeltet rundt om i verda. Det var òg foreslått at deltakarane i nettverket kan dele skuleopplegg og prosjekt med tema kulturlandskap, som t.d. «Heimstaden min» som Romsdalsmusea har utvikla.

b. Status digital møteplass

Det kom fram ønske om at det blir oppretta ei FB-side for nettverket. I byrjinga vil

2. Medlemsliste for nettverket

Therese orienterte om at det vil bli teke ein gjennomgang av medlemslista, med oppdatering av kontaktinformasjon.

3. Nettverkssamling 2026

Deltakarane drøfta tema og stad for neste års nettverkssamling.

Framlegg til stadar og vertsmuseum som kom fram var:

- Sørvestlandet - Jærmuseet, gjerne i samarbeid med Ryfylkemuseet
- Nord-Norge – Helgeland museum er aktuelt
- Innlandet – Gudbrandsdalsmusea

Framlegg til tema:

- Kulturlandskap sett frå museumsbonden sitt perspektiv – løfte det handlingsborne (2026)
- Samisk kulturlandskap og bruk av landskapet (2027 – knytt til jubileumsstafetten *Tilhørighet*; <https://nasjonaljubileet2030.no/2027>)
- Kulturlandskap og frivilligheit
- Kulturlandskap og litteratur/kunst
- Kulturlandskap og estetikk

4. Innmeldte saker

Det var ingen innmeldte saker

Bud, 27. august 2025

Trude Knutzen Knagenhjelm, De Heibergske Samlinger (referent)